

Referat FAU- møte 04.12.2019

Desse møtte: Nina k. Gjerde (1.trinn) , Maren V. Rosenlund (vara, 2.trinn), Peter Söderman (3.trinn, leiar), Trine Hellesund (4.trinn) , Charlotte Kvinge- Dalland (5.trinn) , Benedikte Christensen (6.trinn), Janne Marie Lavik Rath (vara, 7.trinn) og Ståle Villanger (rektor).

Saksliste:

- a) **Presentasjon FAU- repr. og deira oppgåver.** Rektor presenterte FAU- representantane og gjennomgjekk FAU sine oppgåver ved Hordabø skule: *"Informere og høyre alle foreldre om aktuelle saker. Samarbeide med elevrådet, SMU, lærarar og rektor. Ta initiativ til sosiale aktivitetar for elevane og foreldre. Jobbe for eit godt skulemiljø. Uttale seg om relevante saker frå kommunen eller skulen (td. ordensreglement)"*.
- b) **Presentasjon klassar og tilsette**
Rektor presenterte klassane, dei tilsette og elevtalsprognosa for dei neste 5 åra.
- c) **Litt om kva som rører seg.** Rektor oppsummerte skuleåret pr 04.12.2019, samt dei siste vekene fram mot jul.
- d) **Fagfornyninga** Informasjon ved rektor: Alle læreplanana i skulen skal fornyast/ innhaldet i faga blir nytt, for å gjere dei meir relevant for framtida. Dette frå neste skuleår. Sentralt: kritisk tenkning og refleksjon, meir bruk av digitale hjelpemiddel, djupnelæring, betre samanheng i mellom faga, 3 tverrfaglege tema blir prioritert (demokrati og medborgerskap, berekraftig utvikling, folkehelse og livsmeistring). Skulen jobbar no med å førebu seg på det som ventar elevane frå neste skuleår.
- e) **Juleframsyninga 19.12.2019- organisering.** Tillaging: 2 frå kvar klasse. FAU- repr frå kvar klasse organiserer dette. Opprydding: 2 frå kvar klasse. FAU- repr frå kvar klasse organiserer dette.
- f) **Innmeldte saker/ anna**
 - FAU ønskjer å arrangere loppemarknad/ basar e.l. bl.a. til inntekt til nytt scenelysanlegg/ lyskastarar til skulen, då det er behov for nytt. FAU- repr luftar dette i kvar klasse før ein deretter evt tek eit eige FAU- møte på organisering kring dette i løpet av jan/ febr-2020. (FAU har ca 7000 kr på konto i dag. FAU- leiar sjekker opp i prisar på nytt lysanlegg, kanskje det lar seg gjere å kjøpe inn nytt alt no).
 - FAU ønskjer å sjå på moglegheita for å setje opp ballbinge på skulen. Tek dette opp att ved eit seinare høve.
 - Eine FAU-repr har fått innspel frå ein far om det let seg gjere å setje opp gapahuk på skulen sitt område. FAU ser på dette som ein for stor og omfattande jobb, då ein må hente ut tømmer, barke treet, oppføring osv, i tillegg til grunnarbeid. Forslag nedstemt.